



FJELL KOMMUNE

Kultursjefen

Hordaland Fylkeskommune

10 AUG 2016

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksb. – tlf.

Dato

2016/1662 - 18588/2016 Mai-Helen Hansen - 55097054

01.08.2016

Ny grunneigaravtale for tilrettelegging og merking av turstigar

I Fjell kommune har vi etter kvart fått eit nettverk av turløyper, og stadig fleire finn vegen ut i naturen. Turlag, velforeningar og grunneigarar har lagt ned eit stort arbeid for å leggja til rette for rekreasjon og naturopplevingar i nærmiljøet.

Nordsjøløypa, North Sea Trail, er den lengste og mest omfattande turvegen, ein viktig 'nerve' tvers gjennom kommunen. Ei rekkje nye og tidlegare eksisterande turveggar langs Nordsjøen inngår i nettverket av stigar, og til saman er det opparbeidd meir enn 5000 km vandringslei i 26 norske, svenske, danske, tyske, nederlandske, engelske og skotske regionar. I Noreg står seks fylke saman for å fremja kystvandring. I Fjell strekkjer Nordsjøløypa seg frå Kjereidet på grensa til Sund i sør til Misje på grensa til Øygarden i nord, og løypa går over om lag 140 eigedommar.

Nær hundre grunneigarar har tidlegare signert avtale om trase over eigedommane deira, andre har gitt munnleg løyve eller meldt frå at dei ikkje trong skriftleg avtale for å gje kommunen løyve til å opparbeida turløype. Dette fordi Nordsjøløypa så langt mogleg følgjer gamle skuleveggar, kyrkjeveggar, stølsveggar og stigar der folk gjennom tidene har gått for å besøkje slekt og venner, gå på møte og fest, få utført kommunale tenester, henta jordmor og lege mm.

Fjell kommune nyttar høvet til å takka dei mange grunneigarane som tidlegare har vist tillit og velvilje ved å skriva under avtalen om tilrettelegging av Nordsjøløypa. Da dei gjeldande avtalene ikkje har tidsperspektiv og ei rekkje eigedommar har fått nye eigarar, sender vi nå ut nye avtaler for underskrift og retur. Dei nye avtalene kan og omfatta andre eksisterande turløyper i tilknytning til Nordsjøløypa.

Da kommunen har avgrensa midlar til opparbeiding og vedlikehald av turstigar, er det nødvendig å få tilført midlar utanfrå, bl.a. gjennom søknad til Hordaland fylkeskommune, Kulturdepartementet, Gjensidigestiftelsen mfl. Dersom kommunen skal søkja om midlar til skilting, merking og

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME

Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no

Bankkonto:
Bankkonto for skatt:
Organisasjonsnr.:

8580 14 08600
6345 06 12466
951 996 777

informasjonstavler for Nordsjøløypa og andre turløyper, krev Gjensidigestiftelsen ein avtale som varer i 10 år, medan Kulturdepartementet krev ein avtale som varer i tjuo år. Underskrift og retur av avtalene er derfor avgjerande for at kommunen kan starta søknadsprosessen.

Utover tidsperspektivet på tjuo år, medfører den nye avtalen ingen praktiske endringar. Du har framleis full råderett over eigedommen din, og løypa skal ikkje koma i konflikt med interessene dine i området. Vil du leggja om løypetraseen som følgje av eigen bruk av grunnen, skal brukar opparbeida ny løype etter trasé som vert avtalt med grunneigar. Dersom brukar mislegheld avtalen, kan du som grunneigar seia opp avtalen i avtaleperioden.

Kultur og helse

Nokre få grunneigarar motsette seg å inngå avtale da Nordsjøløypa vart etablert, men «allemannsretten» gir uansett alle rett til å bruka utmarka - uavhengig av kven som er grunneigar – men da utan rydding, merking og anna tilrettelegging. Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av kulturarven vår, men i dagens samfunn med bilar og motoriserte arbeidsreiskapar, får folk flest for lite fysisk aktivitet. Mange barn og unge blir køyrde til og frå skule og sosiale aktivitetar, og på fritida er dei gjerne opptekne av data og smarttelefonar. Både sentralt og lokalt er det derfor auka merksemd på folkehelse og førebyggjande tiltak, og Fjell kommune ønskjer å leggja til rette for turar med aktivitetar for barn og unge på særleg eigna turområde, blant anna med overnatting i lavvo, og fiskeing og kanopadling i vatn som ligg opp til løypa - alt i samarbeid med grunneigarane.

Ei godt tilrettelagt turløype med opplysningstavler gjer det enklare for alle – både unge og eldre - å koma seg ut i naturen. Gevinsten er naturoppleving, sosialt samvær og fysisk og psykisk rekreasjon, og for mange gir turgåing i terrenget ein målbar helsegevinst.

Vidare saksgang

Vedlagt følgjer to underskrivne grunneigaravtalar. Vi seier på førehand takk for at du/de daterer og signerer den eine avtalen og returnerer den til Fjell kommune i vedlagt og frankert konvolutt snarast råd er. Dette på grunn av søknadsfristane for tilskot til vedlikehald og opprusting av løypenettverket, og for at vi ønskjer å koma i gang med nye tiltak.

Kommunen har i liten grad mannskap til å sjølv få utført praktisk arbeid i turløypene, men vi har eit godt samarbeid med Fjell Turlag og Sotra-Øygarden Turlag. Desse laga har sagt seg villige til ta seg av den praktiske delen. Framdrifta er avhengig av at vi får inn underskrivne avtalar og kan starta arbeidet med å søkja om tilskot.

Med helsing



Mai-Helen Hansen
Kontormedarbeidar

Vedlegg

- 1 Kart
- 2 Grunneigaravtale



GRUNNEIGARAVTALE

for løyve til opparbeiding og vedlikehald av turstig.

1 Avtalepartar:

Brukar: Fjell kommune

Grunneigar: Hordaland Fylkeskommune

gnr 51 bnr 314 i Fjell kommune

gjev med dette brukar løyve til å rydda, merka og utbeta turstig som markert på vedlagt kartutsnitt.

2 Føremål:

Føremålet med avtalen er å kunna oppgradera og halda ved like turveg på avtalt område. Det skal leggjast til rette for naturvennleg bruk og gode opplevingar. Reglane i friluftsløva om ferdslø i utmark og over innmark gjeld. Kostnadar med oppgradering av turvegen fell på brukar (gjeld ikkje grunneigar sine eigne tiltak i området).

3 Skilting og merking:

- Brukar skal ha rett til å skilta og merka turløypa. Dette skal skje på ein estetisk og naturvennleg måte.
- Går turløypa over innmark, gardstun og liknande, skal skilting og merking gjerast etter nærare avtale med grunneigar.
- Brukar kan setja opp lett tilgjengelege informasjonsskilt om skikk og bruk i naturen, turtrasear, generelle ferdsløreglar, skogbrannfare, bandtvang for hundar og liknande.

4 Omfang og bruk:

- Avtalen gjeld for turstig som vist på vedlagt kartutsnitt.
- Det skal takast sikte på minst mogeleg inngrep, men prinsippa om «universell utforming» vert freista følgde.
- Innafor maksimal breidde på løypa kan brukar halda løypa fri for sjenerande greiner og buskar. Brukar har rett til å leggje gangbanar, kloppar og bruar der dette er naudsynt. Elles kan brukar hogga, kvista og kappa brukande virke etter tilvising frå grunneigar. Trevirket tilfell grunneigaren.
- Innafor maksimal breidde på løypa kan brukar laga til grunder der det trengst, leia bort vatn frå løypa, planera, grusa og steinsetja løypetraseen.
- Bruk av løypa skal ikkje koma i konflikt med bruksinteressene til grunneigar i området.
- Avtalen gjev ingen rett til motorisert ferdslø på privat grunn utan etter nærare avtale.
- Løypetraseen kan ikkje leggjast om eller endrast utan samtykke frå grunneigar.
- Dersom grunneigar vil leggja om løypetraseen som følgje av eigen bruk av grunnen, skal brukar opparbeida ny løype etter trasé som vert avtalt med grunneigar.

5 Avtaleperiode:

Avtaletida er 20 år rekna frå avtaledato. Grunneigar kan seia opp avtalen i nemnde tidsrom dersom brukar mislegheld den. Avtalen kan lengjast automatisk med 10 år om gongen dersom ikkje særlege tilhøve tilseier at leiga må avsluttast. Dersom ein av partane ikkje ynskjer å fornya avtalen, skal han varsla skriftleg om dette seinast eitt år før avtalen går ut.

6 Usemje:

Dersom partane vert usamde om tolking og praktisering av avtalen, skal partane prøva å løysa usemja minneleg. Dersom dette ikkje let seg gjera, skal usemja løysast etter reglane i Lov om voldgift av 01.01.2005.

7 Tinglysing:

Avtalen vert ikkje tinglyst. Denne avtalen erstattar ein eventuell tidlegare avtale og er skriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

8 Spesielle forhold

Stad: _____ Dato: _____

Straume, _____ 2016

grunneigar

for Fjell kommune



GRUNNEIGARAVTALE

for løyve til opparbeiding og vedlikehald av turstig.

1 Avtalepartar:

Brukar: Fjell kommune

Grunneigar: Hordaland Fylkeskommune

gnr 51 bnr 314 i Fjell kommune

gjev med dette brukar løyve til å rydda, merka og utbeta turstig som markert på vedlagt kartutsnitt.

2 Føremål:

Føremålet med avtalen er å kunna oppgradera og halda ved like turveg på avtalt område. Det skal leggjast til rette for naturvennleg bruk og gode opplevingar. Reglane i friluftsløva om ferdslø i utmark og over innmark gjeld. Kostnadar med oppgradering av turvegen fell på brukar (gjeld ikkje grunneigar sine eigne tiltak i området).

3 Skilting og merking:

- Brukar skal ha rett til å skilta og merka turløypa. Dette skal skje på ein estetisk og naturvennleg måte.
- Går turløypa over innmark, gardstun og liknande, skal skilting og merking gjerast etter nærare avtale med grunneigar.
- Brukar kan setja opp lett tilgjengelege informasjonsskilt om skikk og bruk i naturen, turtrasear, generelle ferdselsreglar, skogbrannfare, bandtvang for hundar og liknande.

4 Omfang og bruk:

- Avtalen gjeld for turstig som vist på vedlagt kartutsnitt.
- Det skal takast sikte på minst mogeleg inngrep, men prinsippa om «universell utforming» vert freista følgde.
- Innafor maksimal breidde på løypa kan brukar halda løypa fri for sjenerande greiner og buskar. Brukar har rett til å leggje gangbanar, kloppar og bruar der dette er naudsynt. Elles kan brukar hogga, kvista og kappa brukande virke etter tilvising frå grunneigar. Trevirket tilfell grunneigaren.
- Innafor maksimal breidde på løypa kan brukar laga til grinder der det trengst, leia bort vatn frå løypa, planera, grusa og steinsetja løypetraseen.
- Bruk av løypa skal ikkje koma i konflikt med bruksinteressene til grunneigar i området.
- Avtalen gjev ingen rett til motorisert ferdsle på privat grunn utan etter nærare avtale.
- Løypetraseen kan ikkje leggjast om eller endrast utan samtykke frå grunneigar.
- Dersom grunneigar vil leggja om løypetraseen som følgje av eigen bruk av grunnen, skal brukar opparbeida ny løype etter trasé som vert avtalt med grunneigar.

5 Avtaleperiode:

Avtaletida er 20 år rekna frå avtaledato. Grunneigar kan seia opp avtalen i nemnde tidsrom dersom brukar mislegheld den. Avtalen kan lengjast automatisk med 10 år om gongen dersom ikkje særlege tilhøve tilseier at leiga må avsluttast. Dersom ein av partane ikkje ynskjer å fornya avtalen, skal han varsle skriftleg om dette seinast eitt år før avtalen går ut.

6 Usemje:

Dersom partane vert usamde om tolking og praktisering av avtalen, skal partane prøva å løysa usemja minneleg. Dersom dette ikkje let seg gjera, skal usemja løysast etter reglane i Lov om voldgift av 01.01.2005.

7 Tinglysing:

Avtalen vert ikkje tinglyst. Denne avtalen erstattar ein eventuell tidlegare avtale og er skriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

8 Spesielle forhold

Stad: _____ Dato: _____

Straume, 5. dag _____ 2016

grunneigar

for Fjell kommune